



DET KONGELEGE  
MILJØVERNDEPARTEMENT  
Statsråden

Arkiv	: ✓
Avd. kopibok:	
Kopibok	
Sirk.	
Intern kopi	
Saksb. kopi	
Eksp. sv	: ASA
Svør ps	
dok.nr.	

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset  
6400 Molde

Dykkar ref

Vår ref  
2000/1818-18 PAK/JK  
Ark:

Dato

10 APR 2001

### Godkjenning av fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal

Miljøverndepartementet har mottoke fylkesdelplan for inngrepsfrie område for sentral godkjenning. Fylkesdelplanen er handsama i tråd med kongeleg resolusjon av 16. mars 1990, om delegering av kongens mynde til å godkjenne fylkesdelplanar til Miljøverndepartementet. Planen er handsama i samråd med Direktoratet for naturforvaltning og Forsvarsdepartementet, Fiskeridepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Landbruksdepartementet, Olje- og energidepartementet og Samferdsledepartementet.

Miljøverndepartementet ser planen som eit godt virkemiddel for å utforme ei heilskapleg forvaltning av dei inngrepsfrie områda i Møre og Romsdal. Retningslinene vedtekne i planen er i tråd med den nasjonale politikken som er nedfelt i St. meld nr 29 (1996-97), Arealmeldinga og St. meld nr 58 (1996-97), MIBU-meldinga. Vi gjer og merksam på at Regjeringa vil leggje fram to stortingsmeldingar våren 2001; ei om biologisk mangfald og ei om friluftsliv, som begge vil omtale tydinga av å ta vare på dei inngrepsfrie naturområda.

Forvaltning av inngrepsfrie område er eit arbeidsfelt som må vurderast ut over grensene til den einskilde kommune, og ofte og på tvers av fylkesgrenser. Det er derfor positivt at fylkeskommunen har teke på seg ei aktiv rolle i overordna arealplanlegging for å styrke omsynet til desse naturområda. Fylket er på den måten eit godt døme for andre fylke. Etter vår oppfatning har Møre og Romsdal gjennomført ein god prosess med sikte på å kome fram til gode retningsliner for den vidare handsaminga av inngrepsfrie område i kommunale planar. Planen tek for seg både inngrepsfrie område som ressurs, og peiker på dei restriksjonar som må gjerast i høve til m.a. næringsutvikling i denne type område.

Vi føreset at det er dei til ei kvar tid mest oppdaterte karta over inngrepsfrie område som vil ligge til grunn i oppfølginga av retningslinene i planen. I og med at planen med tilhøyrande kartmateriale er av overordna karakter, føreset departementa at planlagte tiltak i dei prioriterte inngrepsfrie områda vert vurderte i høve til meir detaljerte kart og vurderingar i høve til topografi, inngrepet sin karakter o.s.b. i den einskilde sak.

Skal denne planen få den tyding det vert lagt opp til i retningslinene, er det viktig at både fylkeskommunen og fylkesmannen legg planen og planen sine retningslinjer til grunn i sine bidrag til det kommunale planarbeidet. Det er avgjerande at ein ved lokalisering av tiltak tek omsyn til dei inngrepsfrie områda, og ikkje vel lokaliseringalternativ som er med på å redusere dei inngrepsfrie områda unødig, utan at konsekvensane er vurdert nøye.

I den samanheng peiker vi på at pkt 3A i retningslinene berre tek for seg villmarksområde og inngrepsfri sone 1, dvs område meir enn 3 km frå inngrep. Dette er etter vår oppfatning ei for snever avgrensing. Spørsmålet om lokalisering av tiltak i inngrepsfri sone 2, dvs 1-3 km frå inngrep har og tyding i dei områda der det er lite inngrepsfri natur igjen. Karta syner at dette er kanskje den viktigaste årsaka til reduksjon av inngrepsfri natur i Møre og Romsdal frå 1988. Vi meiner derfor at retningslinene pkt 3A burde utvidast noko, og at ein nyttar følgjande ordlyd: "Store samanhengande inngrepsfrie område (villmarksområde og inngrepsfri sone 1). I område med lite inngrepsfrie område skal det og leggjast vekt på område som ligg 1-3 km frå tekniske inngrep (inngrepsfri sone 2)."

I kap. 3.2 Skogbruk er det vist til "Veggrupperapporten" frå Landbruksdepartementet. Vi gjer merksam på at veggruppa ikkje har konkludert med tal for behovet for nye skogsvegar i det einskilde fylke. Dette temaet vart og handsama i St.meld. 17 (1998-99) Gjennom meldinga har Landbruksdepartementet varsla at det vil setje krav om at det skal finnast kommunevise hovudplanar for utbygging av skogvegnettet innan 2001. Stortinget slutta seg til dette ved handsaminga av meldinga. Tal for vegbehov må difor takast frå slike kommunevise planar, og reknast ut for det einskilde fylke.

Vi har merka oss at fylkesdelplan for strand- og kystsona i Møre- og Romsdal, no er vedteken og oversendt Miljøverndepartementet. Handsaminga av denne planen vil verte sett i samanheng med oppfølginga av St. meld. nr 43 (1998-99) "Vern og bruk av kystsona. Med omsyn til dei inngrepsfrie områda som grenser til sjø, vil vi understreke tydinga av at fiskeriforvaltninga vert orientert og tekne med i prosessar knytt til planlegging og forvaltning i kystsona.

I høve til omtalen under pkt. 4.4 på s. 37 gjer vi merksam på at vannressurslova har erstatta vassdragslova frå 1.1.01.

Kva tiltak som skal utgreiast etter bestemmelsane om konsekvensutgreiingar følgjer av forskrifta om konsekvensutgreiingar av 21. mai 1999. Miljøverndepartementet kan i medhald av § 33-2 fjerde ledd og påleggje konsekvensutgreiing for andre tiltak enn dei som følgjer av forskrifta dersom dei medfører vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn.

Når det gjeld handsaminga av tiltak som medfører inngrep i prioriterte inngrepsfrie område som ikkje vert omfatta av utgreiingsplikta etter KU-bestemmelsane, vil departementet tilrå at konsekvensane av tiltaket vert utgreidd som ein del av arbeidet med utarbeidinga av plan etter plan- og bygningslova. Det vil i slike tilfelle vere nyttig å legge opp til ein programfase med medverknad frå berørte styresmakter og befolkninga for å trekke opp rammer for planarbeidet og nødvendige utgreiingar som bør gjerast før planforslaget vert lagt ut til offentlig ettersyn (sjå nærare omtale av tilrådd planprosess i vedlegg 4 i planlovutvalet si første delinnstilling (NOU 2002:7).


Når det gjeld tiltak som vert omfatta av KU-bestemmelsane og som har tyding for fleire kommunar, vil det være naturleg å vurdere om fylkeskommunen bør vere ansvarleg styresmakt. I høve til KU-bestemmelsane kan Miljøverndepartementet avgjere dette i den einskilde sak. I andre saker bør fylkeskommunen kunne sjå til at målsettingane i fylkesdelplanen vert ivaretekne gjennom deltaking i programarbeidet.

Miljøverndepartementet syner elles til plan- og bygningslova § 19-6, der det heiter at fylkesplanen, og fylkesdelplanar, skal leggst til grunn for fylkeskommunal verksemd, og vere retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. Plan- og bygningslova føreset at statlege organ som ønskjer å fråvike føresetnadene i ein godkjent fylkesplan tek dette opp med fylkeskommunale planstyresmakter. Om fylkeskommunen og vedkomande sektorstyresmakt ikkje vert einige, skal saka takast opp med dei sentrale planstyresmaktene.

#### Vedtak:

Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal, vedteken i fylkestinget den 11.4.00, vert godkjent i medhald av § 19-4 i plan- og bygningslova og kongeleg resolusjon av 16. mars 1990, med dei merknadene som er nemnte ovanfor.

Med helsing

  
Siri Bjerke

Kopi sendes til:

Kommunene i Møre og Romsdal  
Direktoratet og naturforvaltning  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Forsvarsdepartementet  
Fiskeridepartementet  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Nærings og handelsdepartementet  
Landbruksdepartementet  
Olje- og energidepartementet  
Samferselsdepartementet